

Lindås kommune

Handel og næring, Lindås, Meland og Radøy

Utgåve: 1

Dato: 23.03.2018

## DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgjevar:	Lindås kommune
Rapporttittel:	Handel og næring, Lindås, Meland og Radøy
Utgave/dato:	1/ 23.03.2018
Filnamn:	Handel og næring, Lindås, Meland og Radøy.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	614431-03–Rammeavtale planlegging og utgreiing Handels/ næringsanalyse
Oppdragsleiar:	Steinar Onarheim
Avdeling:	Plan
Fag	Næringsanalyser og konjunkturbarometer
Skrive av:	Steinar Onarheim, Ingvild Nordtveit
Kvalitetskontroll:	Øyvind Dalen
Asplan Viak AS	<a href="http://www.asplanviak.no">www.asplanviak.no</a>

---

## FØREORD

Asplan Viak har vore engasjert av Lindås kommune for å hente ut data for handel og næring i Lindås, Radøy og Meland kommunar. Frøydis Ones har vore kontaktperson for oppdragsgjevar og har og hatt ansvar for vidare kontakt med Meland og Radøy kommunar, samt kontakt med Hordaland Fylkeskommune. Steinar Onarheim har vore oppdragsleiar for Asplan Viak, samt vore hovudansvarleg for analyser og rapportskriving. Ingvild Nordtveit har hatt ansvar for befolkningsprognosar og Øyvind Dalen har vore KS-ansvarleg.

Etter ønske frå oppdragsgjevar vart det undervegs i prosessen avgjort å endre analysane til å gjelde dei varegruppene som Hordaland Fylkeskommunen nyttar, mellom anna i sin statistikk. ivest.no, og som er tilpassa Regional plan for attraktive senter (2014). Desse avviker noko frå varegrupper Asplan Viak vanlegvis nyttar og som er hensiktsmessig i mange handelsanalysar.

Bergen, 18.09.2018

Steinar Onarheim

Oppdragsleiar

Øyvind Dalen

Kvalitetssikrar

## INNHALDSLISTE

1	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn og definisjon av oppdraget .....	4
1.2	Oppbygging av rapporten .....	4
2	Del 1 - Status for dagens varehandelsbalanse .....	5
2.1	Om handel og ulike varegrupper .....	5
2.2	Regionale føresegn .....	7
2.3	Bransjegliding og bransjestyring.....	7
2.4	Omsetning siste fem år .....	8
2.5	Dekningsgrader .....	9
2.6	Lokalisering av handelen i dag .....	17
3	Del 2 - Oversikt over eksisterande detaljhandelsareal i planar .....	19
3.1	Metode .....	19
3.2	Arealoversikt .....	23
3.3	Ledig areal til handel, områdevis .....	31
4	Del 3 - Folketalsframskriving .....	33
4.1	Føremål.....	33
4.2	Alver kommune .....	33
4.3	Historisk utvikling .....	35
4.4	Metode .....	43
4.5	Resultat.....	46
5	Del 4 - Oversyn over næringsssituasjonen.....	51
5.1	Kva næringar gjer det bra i regionen? .....	51
5.2	Næring og pendling.....	54
5.3	Kvar i Lindås, Meland og Radøy finn ein dei ulike næringane? .....	56
	Kjelder.....	58

# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn og definisjon av oppdraget

Handel er ein viktig del av næringslivet og av samfunnet generelt. Lokalisering av handel og anna næring er av stor tyding for sentrumsutviklinga, der eit sterkt sentrum er avhengig av eit visst handelsvolum i tillegg til anna næringsaktivitet. Denne rapporten er eit forprosjekt som er definert slik i førespurnaden frå Lindås kommune: «Det skal gjennomførast eit forprosjekt for å få fram kunnskapsgrunnlaget innanfor temaet handel og næring i statistiske kjelder, samt ei samstilling av kunnskap i kommunale dokument.» Og vidare står at arbeidet skal svare på krav frå Hordaland fylkeskommune sin Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel og kommunen sine egne behov for statistisk grunnlagsmateriale.

Forprosjektet skal vere grunnlag for seinare hovudprosjekt med føremål å «...framskaffe eit grunnlag for næring og handel som vil bygge opp om eit berekraftig samfunn både i Lindås kommune, og den nye kommunen Alver».

Denne rapporten er altså å sjå på som ei rein framstilling av føreliggande statistikk og kjelder. Samstundes må det kommenterast at i eit slikt arbeid er det vanskeleg å ikkje kome inn i ein analysefase. Når ein hentar ut data og framstiller dette i tabellar og figurar så er ein allereie starta på eit analysearbeid. Rapporten har for øvre lite tekst som skildrar dei data som er framstilt, nettopp fordi dette ikkje skal vere eit analysearbeid, men heller berre ein presentasjon av data.

Når det gjeld den geografiske avgrensinga så er det kommunane Lindås, Meland og Radøy som er studieområde, men i dei fleste av analysane av handel er også Bergen teke med, sidan Bergen utgjer eit svært viktig handelsområde for busette i Nordhordland. På nokre områder, slik som for omsetningstal, er det teke ut eigne tal for Åsane sidan denne bydelen ligg tett opp mot Nordhordland og samstundes er eit svært viktig tyngdepunkt for handel i regionen. For andre data, m.a. dekningsgradskart, er ikkje Åsane vist som eige område fordi Åsane ikkje kan sjåast på isolert som eit eige handelsomland.

For dei fleste data er det i tillegg til kommunevis framstilling, også gjort ei framstilling for den framtidige Alver kommune (frå 1.1.2020), altså Lindås, Meland og Radøy samla. I teksten er «Alver» fleire stader brukt og då omtalar ein altså desse tre kommunane som ein heilskap.

## 1.2 Oppbygging av rapporten

Rapporten er delt i fire delar som følgjer deloppgåvene som er etterspurd i førespurnaden frå Lindås kommune:

- Del 1 (kap.2) - Skildre handels- og varebalansen i kommunane
- Del 2 (kap.3) - Oversyn over eksisterande detaljhandelsareal i overordna planar
- Del 3 (kap.4) - Folketalsframskriving for 5 og 20 år
- Del 4 (kap.5) - Oversyn over næringsssituasjonen i kommunane

## 2 DEL 1 - STATUS FOR DAGENS VAREHANDELSBALANSE

### 2.1 Om handel og ulike varegrupper

Handelen består av ei rekkje ulike vareslag. Dei ulike vareslaga kan delast inn i varegrupper, ei inndeling som er nyttig både til analyseformål og i plansamanheng. Detaljhandel er eit mykje brukt omgrep i handelsanalysar og inkluderer det meste av varer ein får kjøpt i butikk som privatperson, og er i denne analysen definert som summen av varegruppene daglegvare, utvalsvare, utvalsvare/ unntaksvarer og unntaksvarer/ føresegn (sjå tekst under).

Daglegvarer er ei undergruppe av detaljvarer. Her inngår mellom anna alle dei store daglegvarekjedene som Rema 1000, Coop, Kiwi, Bunnpris etc. Lokalisering og storleik for butikkar i denne varegruppa kan styrast gjennom arealplanar.

Utvalsvarer er ei anna undergruppe av detaljvarer, og omfattar relativt spesialiserte varer som kan kjøpast i butikk til dømes sko, klede, sport, gåver, apotek, bokhandel, vinmonopol, møblar, innreiing, elektro, jernvare, fargehandel<sup>1</sup> etc. Dette er typiske butikkar i by- og tettstadsentra og kjøpesenter.

Det er store skilnader på korleis marknaden fungerer i høve desse varegruppene. Daglegvarekundane har høg reisemotstand og ein handlar som regel slike varer nær bustaden, eventuelt på veg mellom jobb og bustad. Daglegvarebutikkane har nokolunde likt utval og pris slik at kundane ikkje er villig til å reise særleg mykje ekstra for å handle her. Dette gjer at daglegvarebutikkane ligg spreidd, og ofte i nærleiken av bustadkonsentrasjonar.

For utvalsvarer er situasjonen ein heilt anna. Her er butikkane vanlegvis samlokalisert enten i eit kjøpesenter eller i ein by/tettstad. Jo fleire butikkar som er samla i eit område (fortrinnsvis i gangavstand) jo meir attraktivt er det for kunden å reise dit. Kundane har ofte ikkje bestemt seg på førehand kva ein skal ha, og nyt godt av å ha eit bredt utval å velje mellom. Dette gjeld både om det er fleire butikkar av same varetipe eller av fleire butikkar av ulike varetypar.

Når det gjeld plasskrevjande varer har som regel kundane allereie teke eit val om å handle akkurat her. Handelen kan vere i kombinasjon med andre ærend, men ikkje alltid. Denne type butikkar krev relativt store areal både til sjølve verksemda og til parkering, og ligg difor vanlegvis lokalisert utanfor sentrum. Ei sentrumslokalisering vil gjerne vere for kostbar, og sentrumsareala er uansett betre eigna til anna type handel, anna næringsverksemd eller bustader.

I denne rapporten følger varegruppeinndeling Hordaland Fylkeskommune si inndeling som er tilpassa den regionale planen for attraktive senter i Hordaland (Hordaland Fylkeskommune, des. 2014). Denne inndelinga føreligg i statistikk.ivist.no, og er basert på SSB sin standard for næringsgruppering (SN2007)<sup>2</sup>:

<sup>1</sup> Møblar, innreiing, elektro, jernvare og fargehandel er i mange handelsanalysar under kategorien «plasskrevjande varer». Desse inkluderer då mellom anna møblar, elektroniske hushaldsartiklar, fargevarer, bildelar, jernvare, byggevare, trelast og hagesenter.

<sup>2</sup> I SSB sitt bedrifts- og føretaksregister har alle verksemdar ein NACE-kode etter ein internasjonal standard, som mellom anna kan nyttast til å sortere ut ulike typar handelsverksemdar og tal tilsette i verksemdene. NACE-kodane kan også brukast til å ta ut omsetning i grupper av verksemdar, t.d. for utvalsvarer i ein kommune.

### Daglegvarer

- 47.11 Butikkhandel med bredt vareutvalg med hovedvekt på nærings- og nytelsesmidler

### Utvalsvarer<sup>3</sup>

- Spesialforretningar for nærings- og nytelsesmidlar (NACE = 47.112, 47.21,47.22, 47.23, 47.241, 47.242, 47.251, 47.259, 47.26, 47.292 og 47.299)
- Tekstilar, kler, sko, reiseeffektar, sportsutstyr (NACE = 47.51, 47.641,47.71, 47.721 og 47.722)
- Møblar. Belysning, kjøkkenutstyr og innreiingsartiklar (NACE = 47.531, 47.532,47.533, 47.591, 47.592 og 47.593)
- Elektriske hushaldssapparat, ikt, radio, tv, musikkinstrument (NACE = 47.41, 47.42, 47.43, 47.54 og 47.594)
- Bøker, papir, aviser, blader, cd/dvd, spill og leiker (NACE = 47.61, 47.62, 47.63 og 47.65)
- Apotek, medisin, helsekost og kosmetikk (NACE = 47.291, 47.73, 47.74 og 47.75)
- Jernvare og fargehandel (NACE = 47.522 og 47.523)
- Andre spesialforretningar (mellom anna kjæledyr, klokker, gullsmed) (NACE = 47.19, 47.762, 47.771, 47.772, 47.781, 47.782, 47.789, 47.791, 47.792 og 47.799)

### Utvalsvarer/ Unntaksvarer

- 47.521 Butikkhandel med bredt utvalg av jernvarer, fargevarer og andre byggevarer
- 47.761 Butikkhandel med blomster og planter
- 45.32 Detaljhandel med deler og utstyr til motorvogner, unntatt motorsykler
- 45.402 Detaljhandel med motorsykler, deler og utstyr
- 47.599 Butikkhandel med innredningsartikler ikke nevnt annet sted
- I statistikk.ivist.no er denne varegruppa omtala som: *"..ei gruppe med varer som både kan inngå som utvalsvarer og som unntaksvarer etter regionale føresegn for arealbruk"*.

### Unntaksvarer/føresegn

- 45.112 Detaljhandel med biler og lette motorvogner, unntatt motorsykler
- 45.192 Detaljhandel med andre motorvogner, unntatt motorsykler
- 47.642 Butikkhandel med fritidsbåter og utstyr
- 47.524 Butikkhandel med trelast
- 47.529 Butikkhandel med byggevarer ikke nevnt annet sted
- Denne varegruppa er meint å skulle svare til Hordaland sine regionale føresegn for arealbruk, sjå kap.2.2

### Detaljvarer

- Alle fire varegruppene nemnd over

---

<sup>3</sup> For utvalsvarer er det ikkje oppgitt detaljert navn for kvar enkelt NACE-gruppe slik som for dei andre varegruppene. Kun NACE-koder og «samla overskrift» er oppgitt.

## 2.2 Regionale føresegn

I Regional planen for attraktive senter i Hordaland (Hordaland Fylkeskommune, des. 2014) er det utarbeida føresegner som er avgjerande for handelsatebaleringar i fylket:

### Regionale føresegner for arealbruk

Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå 10.12.2014 eller til punktet blir erstatta av føresegner i kommunal arealplan:

4.1 Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelscenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan.

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

Figur 2-1: Utklipp frå s.49 i Regional planen for attraktive senter i Hordaland (Hordaland Fylkeskommune, des. 2014)

## 2.3 Bransjegliding og bransjestyring

Bransjegliding og utvikling av nye handelskonsept utfordrar skilje mellom plasskrevjande varer og utvalsvarer. Verksemder som tidlegare berre hadde plasskrevjande varer sel no i aukande grad detaljvarer i tillegg, og varer som ikkje i seg sjølv er arealkrevjande vert seld i arealkrevjande konsept, i såkalla «big boxes». Det inneberer at lokaliseringspolitikken og for desse områda er særst viktig, og at all detaljvarehandel må ha ei lokalisering som er godt tilpassa ønska senterstruktur og transportsystem over tid.

Plan- og bygningslova har avgrensa moglegheiter for å styre bransjegliding. Ein kan t.d. ikkje:

- leggje føringar i regional eller kommunal plan etter plan- og bygningsloven som favoriserer éin aktør eller merkevare. Døme på dette er at det i overordna plan vert laga unnatak som vert grunngeve i at éin aktør skal få etablere seg og ikkje andre.
- nytte føresegn heimla i plan- og bygningslova til å beskytte eksisterande verksemder eller ikkje tillate tilsvarende verksemder i eit nytt kjøpesenter på staden.
- fastsettast at det berre kan tillast møblar og kvitevarer i visse områder for handel.

I føresegn til reguleringsplan kan det skillast mellom detaljhandel og andre varegrupper enn detaljhandel (plasskrevjande varer), der andre varegrupper uttømmende er definert som:



- Bilar og motorkøyrety
- Landbruksmaskinar/anleggsmaskinar
- Trelast og byggevarer
- Planteskular/hagesentre
- Fritidsbåtar

Kva som inngår i definisjonen av varegruppa *trelast og byggevarer* er gjenstand for diskusjon, og dette vert praktisert ulikt i ulike kommunar. I utgangspunktet skulle varegruppa berre omfatte engroshandel til proffmarknaden, men det er ein aukande tendens til at nye byggevarebutikkar tilbyr både engroshandel og detaljvarer. Tilsvarande ser ein døme på innafor hagesenter. I ein reguleringsplan er det mogleg å angi prosentvis storleikstilhøve mellom lager og butikkareal og parkering, og dermed avgrense omfanget av detaljvarer i butikken.

## 2.4 Omsetning siste fem år

Under følger omsetning per busett fordelt på varegrupper dei siste fem år, 2013-2017, basert på data frå statistikk i vest (<http://statistikk.ivest.no/hf/>) som har henta sine data frå SSB. For områder der det er færre enn 3 butikkar innanfor et vareslag så utleverer SSB ikkje data. Dette er markert med streksymbol i tabellen.

### Omsetning per innbyggjar, kommunevis:

Tabell 2-1: Omsetning per innbyggjar i Lindås, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.ivest.no

Lindås	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	88 108	88 317	89 875	86 379	83 777
Daglegvarer	45 984	46 550	45 209	44 691	44 382
Utvalsvarer	31 165	30 201	31 250	30 238	29 468
Utvalsvarer/unntaksvarer	9 324	9 408	6 546	5 911	5 482
Unntak/føresegn	2 948	2 945	3 910	-	-

Tabell 2-2: Omsetning per innbyggjar i Meland, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.igest.no

Meland	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	49 409	45 057	45 284	40 412	42 410
Daglegvarer	23 615	24 594	25 115	-	-
Utvallsvarer	5 046	4 940	5 141	5 025	4 622
Utvallsvarer/unntaksvarer	12 856	6 446	-	7 014	6 778
Unntak/føresegn	6 951	6 546	5 924	2 198	5 310

Tabell 2-3: Omsetning per innbyggjar i Radøy, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.igest.no

Radøy	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	32 934	37 110	39 516	43 787	44 066
Daglegvarer	25 030	27 560	28 992	31 575	32 346
Utvallsvarer	-	-	-	3 427	4 541
Utvallsvarer/unntaksvarer	7 210	8 242	8 575	7 859	-
Unntak/føresegn	243	281	231	-	764

Tabell 2-4: Omsetning per innbyggjar i Alver (Lindås+ Meland+ Radøy), 2013-2017. Stjerne\* tyder at minst ein av dei tre kommunane har færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Omsetning per innbyggjar i varegruppa kan difor i realiteten vere noko høgare en vist i tabellen sidan det potensielt kan mangle omsetningstal for 1 eller 2 butikkar. Kjelde: Statistikk.igest.no

Alver	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	64 415	64 536	63 003	55 335	54 636
Daglegvarer	34 235	35 860	36 096	29 826*	29 963*
Utvallsvarer	17 428*	17 239*	18 160*	18 389	18 176
Utvallsvarer/unntaksvarer	9 393	8 103	5 012*	6 518	4 880*
Unntak/føresegn	3 359	3 334	3 734	602*	1 615*

Tabell 2-5: Omsetning per innbyggjar i Hordaland, 2013-2017. Kjelde: Statistikk.igest.no

Hordaland	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	76 440	78 544	82 359	82 827	83 425
Daglegvarer	31 878	33 076	33 758	34 819	35 426
Utvallsvarer	35 165	35 638	36 798	37 066	37 129
Utvallsvarer/unntaksvarer	7 387	7 682	7 456	7 974	7 939
Unntak/føresegn	17 224	16 864	18 334	20 129	21 638

## 2.5 Dekningsgrader

Dekningsgrad seier om det er handelslekkasje eller handelsoverskot i eit område. Dekningsgrad for varehandel er definert som tilhøvet mellom omsetning i ei handelssone og samla forbruk for busette i same sone, uttrykt i prosent. Handelssonene er i dette tilfellet gitt av kommunegrensene. Tilhøvet mellom omsetning og forbruk i kvar enkelt sone kan sei noko om eventuelle handelslekkasjar sonene imellom.

Tal for dekningsgrad er henta frå statistikk.ivest.no (<http://statistikk.ivest.no/hf/>).

Dekningsgrad er her definert som: (Faktisk omsetning i varegruppa per innb. i kommunen/ Teoretisk omsetning per innb. i kommunen dersom kommunen hadde hatt same omsetning per innbyggjar som fylkesgjennomsnittet) \* 100.<sup>4</sup>

$$\frac{\text{Faktisk omsetning i varegruppa per innbyggjar i kommunen}}{\text{Teoretisk omsetning per innb. i kommunen dersom same omsetning per innb. som fylkesgj.snitt}} \times 100$$

### Korleis lese dekningsgradkarta?

Dekningsgrad rundt 100 % tyder at det er god balanse mellom handel og forbruk. Generelt vil dei fleste kommunane utanom byane ligge noko under 100 %, særskilt i kommunar nær større byar. Låg dekningsgrad (under 100%) tyder at det er ein handelslekkasje til andre soner. Høg dekningsgrad (over 100%) tyder at sona tiltrekkjer seg handlande frå andre regioner.

Karta over dekningsgrad som følgjer under viser kvar ein har handelslekkasje og handelsoverskot. Ein har ikkje data på kvar lekkasjane går til eller kvar overskotet kjem frå, men dette er mogleg å vurdere utifrå lokalkunnskap. Generelt vil det vere slik at soner med dårleg handelstilbod lekk til soner med betre tilbod, særskilt om dette ligg nært. Døme på dette er lekkasje frå Meland til Bergen (Åsane mm.).


Når det gjeld omsetning/ kjøpekraft frå fritidsbustader, turisme/ småbåtturisme, gjennomgangstrafikk og arbeidsplassar er desse inkludert i dekningsgradanalysane. Når til dømes Radøy har handelslekkasje til Lindås kan det mellom anna vere fordi mange frå Radøy jobbar i Lindås, og handlar der i forbindelse med arbeidsreisa. Dei bidrar til auka dekning i Lindås, særskilt i områder der det er mange arbeidsplassar og samstundes eit godt handelstilbod.

Likeins vil fritidsbustader og turisme kunne auke dekningsgrada. Til dømes har Tysnes høg dekningsgrad for daglegvarer truleg fordi det er ein svært høg andel hyttefolk som handlar lokalt der.


### Dekningsgrader, 2017

Under vises dekningsgrader i dei ulike varegruppene for 2017. I dei varegruppene der det er færre enn 3 butikkar innanfor et vareslag i kommunen så utleverer SSB ikkje data. Her vises derfor ikkje dekningsgrad for aktuelle kommune i kartet (kommunen er vist med kvit farge i kartet).

<sup>4</sup> Varehandel eks. handel med motorkøyrety og drivstoff. Agentur- og engrosverksemd omfattast ikkje. Ny næringsstandard (NS2007) ligg til grunn frå 2008.




Figur 2-2: Dekningsgrader i Lindås, Meland, Radøy og Bergen for detaljvarer, 2017. Kjelde: <http://statistikk.ivist.no/hf/>, 2018.




Figur 2-3: Dekningsgrader i Lindås, Meland, Radøy og Bergen for daglegvarer, 2017. Kjelde: <http://statistikk.igest.no/hf/>, 2018.






Figur 2-4: Dekningsgrader i Lindås, Meland, Radøy og Bergen for Utvalsvarer, 2017. Kjelde: <http://statistikk.ivest.no/hf/>, 2018.



Figur 2-5: Dekningsgrader i Lindås, Meland, Radøy og Bergen for Utvalsvarer/unntaksvarer, 2017. Kjelde: <http://statistikk.ivist.no/hf/>, 2018.



Figur 2-6: Dekningsgrader i Lindås, Meland, Radøy og Bergen for Unntak/føresegn, 2017. Kjelde: <http://statistikk.ivist.no/hf/>, 2018.



## Dekningsgrad siste fem år

Under følger dekningsgrad fordelt på varegrupper dei siste fem år, 2013-2017, basert på data frå statistikk i vest (<http://statistikk.ivest.no/hf/>) som har henta sine data frå SSB. For områder der det er færre enn 3 butikkar innanfor et vareslag så utleverer SSB ikkje data. Dette er markert med streksymbol i tabellen.

Tabell 2-6: Dekningsgrad i Lindås, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.ivest.no

Lindås	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	106	106	108	104	100
Daglegvarer	129	131	127	126	125
Utvalsvarer	84	81	84	81	79
Utvalsvarer/unntak svarer	117	118	82	74	69
Unntak/føresegn	14	14	18	-	-

Tabell 2-7: Dekningsgrad i Meland, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.ivest.no

Meland	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	59	54	54	48	51
Daglegvarer	66	69	71	-	-
Utvalsvarer	14	13	14	14	12
Utvalsvarer/unntak svarer	162	81	-	88	85
Unntak/føresegn	32	30	27	10	24

Tabell 2-8: Dekningsgrad i Radøy, 2013-2017. Streksymbol tyder at det er færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Kjelde: Statistikk.ivest.no

Radøy	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	39	44	47	52	53
Daglegvarer	70	78	82	89	91
Utvalsvarer	-	-	-	9	12
Utvalsvarer/unntak svarer	91	104	108	99	-
Unntak/føresegn	1	1	1	-	4

Tabell 2-9: Dekningsgrad i Alver (Lindås+ Meland+ Radøy), 2013-2017. Stjerne\* tyder at minst ein av dei tre kommunane har færre enn tre butikkar i denne varegruppa. Dekningsgrad i varegruppa kan difor i realiteten vere noko høgare en vist i tabellen sidan det potensielt kan mangle omsetningstal for 1 eller 2 butikkar. Kjelde: Statistikk.ivest.no

Alver	2013	2014	2015	2016	2017
Alle varer	77	77	76	66	65
Daglegvarer	96	101	102	83*	84*
Utvalsvarer	46*	46*	48*	49	49
Utvalsvarer/unntak svarer	118	102	62*	82	61*
Unntak/føresegn	15	15	17	2*	7*

## 2.6 Lokalisering av handelen i dag


I Figur 2-7 under er det vist lokalisering av handel, basert på tal tilsette i SSB sitt Virksomhets- og foretaksregisteret, heretter kalla «bedriftsregisteret». Dette er SSB sitt register over alle føretak (juridiske einingar) og verksemdar i privat og offentleg sektor i Norge. Bedriftsregisteret inneheld mellom anna stadfesta lokalisering av dei fleste verksemdene i Norge. Bedriftsregisteret har også data på tal tilsette i verksemda og kva næringsgruppe<sup>5</sup> verksemda høyrer inn under<sup>6</sup>.

Storleiken på sirkelen i Figur 2-7 viser sum av tal tilsette for alle fire varegrupper (også vist som tal i parentes på figuren) og kakestykkja viser tal tilsette i dei enkelte varegruppene. Grupperinga følg dei same NACE-kodane som er brukt i omsettingstal og kart over dekningsgrader.

---

<sup>5</sup> Me har brukt NACE-kodar etter Standard for næringsgruppering (SN2007).

<sup>6</sup> Merk at skilnaden i tal tilsette mellom dei ulike områda ikkje nødvendigvis er proporsjonalt med skilnaden i omsetning. Ein butikk kan ha stor omsetning sjølv med få tilsette, og vice versa.



Figur 2-7: Lokalisering av handel basert på tal tilsette i ulike varegrupper. Kjelde: Virksomhets- og foretaksregisteret, SSB, november 2017.

### 3 DEL 2 - OVERSIKT OVER EKSISTERANDE DETALJHANDELSAREAL I PLANAR

Denne delen går ut på å gi ei oversikt over eksisterande detaljhandelsareal i kommunane sine planar. Det er spurt etter:

- Handelsareal avsett til handel i dag i KPA (m<sup>2</sup>)
- Utnyttingsgrad satt i dagens KPA (%-BRA)
- Faktisk utnytting i dag (m<sup>2</sup>)
- Faktisk utnyttingsgrad i dag (%-BRA)
- Ledig areal innafor tillat utnyttingsgrad (m<sup>2</sup>)

#### 3.1 Metode

##### *Finne avsett areal til handel*

Fyrste steg i prosessen var å finne kva areal som er aktuelle for handel i dei tre kommunane. Det vart teke utgangspunkt i KPA og KDP i kommunane og sett på områder med følgende føremål:


- Forretning (KPAREALFORM=1150)
- Forretning (OPLAREAL=120)<sup>7</sup>
- Sentrumsføremål (KPAREALFORM=1130)
- Senterområde (OPLAREAL=120)<sup>8</sup>
- KP-detaljeringsone (KPDETALJER=910)

Desse områda er vist i figuren under.

<sup>7</sup> Gjeld for områder/kommunar som ikkje har utarbeid KPA/DKP etter sosikodar etter ny plan- og bygningslov. Dette gjeld KDP for Manger sentrum.

<sup>8</sup> Same kommentar som over.





Figur 3-1: Områder som har handel i dag eller om vart vurdert å vere aktuell for handel i KPA eller KDP. Tekstboks viser; Lokalisering/stadsnavn, føremål i KPA/KDP og om avgrensing er henta frå KPA eller KPA. I tillegg er areal som av kommunane vart vurdert å ikkje vere aktuell for handel merka med «(Utgår)». PS: Alle områda i kartet er gjort noko større enn i røynda for at det skal visast betre.

I denne fasen vart det og gjort ei KS av kommunane for å vurdere om nokre av områda ikkje er aktuelle for handel, sjølv om dei var sett av til forretning eller sentrumsføre mål<sup>9</sup>. Her vart områda Husebø og Torvvegen i Meland, samt sørleg del av Austmarka teke ut (er merka i Figur 3-1 med «(Utgår)». Ein står då igjen med 9 ulike områder som er aktuell for handel i KDP og KPA.

I tillegg vart det teke ein sjekk med kommunane om det kunne vere nokre område som ikkje var satt av til sentrumsføre mål eller forretning i KPA/KDP, som likevel kunne vere aktuell for handel.

Sidan KPA og KDP ikkje inneheld tillat utnyttingsgrad har det vore naudsynt å gå vidare inn i reguleringsplanane/områdeplanane som gjeld i desse områda for å kunne finne faktisk utnyttingsgrad, ledig areal etc. Her har dei tre kommunane også delteke i prosessen for å sile ut områder der det sikkert, eller truleg at det vil kome handel, eller der handel heilt eller delvis er etablert.

Det er altså ikkje berre reine handelsområder som er teke med i analysene, men alle felt i reguleringsplanar som er aktuelle for handel. Følgande føremål er teke med:

- Forretning
- Sentrumsføre mål
- Bustad/forretning
- Butikk/ serviceområde
- Forretning/ industri
- Næring/kontor/industri
- Forretning/kontor/ tenesteyting
- Bustad/forretning/kontor
- Næring (i dei tilfelle der kommunen ser det som aktuelt med handel. Gjeld 2 områder: Galteråsen og Kolås III i Lindås.

Dette arbeidet har gitt ein database med 50 ulike felt på regulerings/områdeplannivå som er fordelt på dei 9 områda i KPA/KDP.<sup>10</sup> Mellom anna er Frekhaug Sentrum, Knarvik sentrum og Manger sentrum delt opp i fleire felt av ulike storleikar, med ulik andel handel/forretning for kvart felt.

For dei områda som ikkje er reine handels/forretningsområder har det vore naudsynt å angi kor stor prosentandel forretning utgjør. Det varierer litt frå føremål til føremål, men for dei fleste føremål så ligg andelen forretning på 32-36%<sup>11</sup>.

Arealet for dei ulike felta er henta direkte frå reguleringsplan. Det er litt ulikt korleis utnyttingsgrad er oppgitt, og det kan vere enten i %BRA, TU eller %BYA. For felt der %BYA er oppgitt har det vore naudsynt å angi etasjetal for å kunne regne ut potensial for handelsareal. For å finne sannsynleg etasjetal har me sett på kor mange etasjar eksisterande bygg i området har.

<sup>9</sup> Når det gjeld Frekhaug sentrum så er dette angitt som KP-detaljeringssone i KPA. I områdereguleringa er den merka som sentrumsføre mål.

<sup>10</sup> Kvant felt er gitt ein unik ID som er knyta til ein exceldatabase og GIS-fil, og som inneheld eigenskapar som føremål i reg.plan, sosikode, utnyttingsgrad, areal etc.

<sup>11</sup> Kor stor andel forretning som er lagt inn er nærare skildra i exceldatabasen.

Arealet av feltet i reguleringsplan, andel av området som er rekna å vere handel samt tomteutnytting gir eit potensial for forretning/handel oppgitt i kvadratmeter.

### Berekning av ledig areal


For å finne ledig areal er det teke utgangspunkt i areal avsett til handel (ref. førre overskrift). Dette er kombinert med matrikkeldata. Matrikkelen inneheld informasjon om alle bygg i kommunane, mellom anna BRA og kva føremål bygget har (BRA for bustadføremål samt BRA for hovudføremål dersom bygget har fleire føremål). Me har teke ut BRA for alle bygg (både handelsbygg og andre typar bygg) per felt. Dette gir oss tal på faktisk utnytting i dag i kvart felt.

Frå matrikkelen er det også teke ut arealet av berre handelsbygg. Ved å trekke dette frå potensial for forretning/ handel så får ein eit tal på ledig handelsareal i kvart område. Dette datamaterialet vil då innehalde felt i reguleringsplanar der det er potensial for handel; både ubebygde/jomfruelege områder, områder der det er noko handel i dag men med plass til meir og områder som kan bli transformert (både til handel og til andre føremål).

### Faktisk utnytting av areal

Faktisk utnytting av areal er rekna ut ved å ta arealet (BRA) av alle bygga i feltet i dag (data frå matrikkelen) dividert med arealet av feltet.

I figuren under er det vist prosessen korleis ein har jobba fram dei ulike data som er kommunane ynskjer ei oversikt over. Tekst som er understreka er dei data som konkret er etterspurt i førespurnaden til denne rapporten, ref. dei fem kulepunkta øvst i kap. 3.1.



Figur 3-2: Prosessen for å finne utnyttingsgrader og handelsareal per felt i reguleringsplanane. Understreka tekst viser til at dette er data som er konkret etterspurd av oppdragsjever, ref. fem kulepunkt nemnd øvst i kap.3.

Faktisk utnyttning i dag, faktisk utnyttingsgrad i dag, potensial for forretning/handel, ledig areal innafor tillat utnyttingsgrad er vist som eigen tabell som er vedlegg til denne rapporten. Her vises også handelsareal av sett til handel og utnyttingsgrad satt i planane.


## **3.2 Arealoversikt**

I påfølgande figurar er den etterspurde arelainformasjonen vist for kvart planområde i KPA/KDP (ref. områda som er vist i fig.Figur 3-1):




- Totalt tillatte handelsareal er vist som sirkel/«kake» per felt, og sjølve arealet (i m<sup>2</sup>) er også vist med tekst over sirkelen
- Det er oppgitt ein unik ID for kvart felt. Dette står med svart skrift over kvar sirkel. ID viser til ID som ein finn i vedlagt excel-tabell.
- Blå kakestykkje viser kor mykje handel det på feltet i daga (data frå matrikkelen)
- Grønt kakestykkje viser kor mykje ledig handel det er i dag om ein trekk dagens handel (ref. kulepunkt over) frå totalt tillatte handelsareal (ref fyrste kulepunkt).
- Raud tekst på kvart felt viser kor høg utnytting (%-BRA) det er i feltet i dag (dagens bygningsareal- alle typar bygg, dividert med feltets totale areal). Raud tekst i parentes viser utnytting (%-BRA, evt BYA) som er oppgitt i planen.

### Knarvik, Lindås




Figur 3-3: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad i Knarvik.

## Ikenberget og Galteråsen, Lindås



Figur 3-4: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad på Ikenberget (t.v.) og Galteråsen (t.h).


## Ostereidet/Kisthaugane, Lindås



Figur 3-5 Oversikt over handelsareal og utnytningsgrad på Ostereidet.




## Kolås II og III, Lindås




Figur 3-6: Oversikt over handelsareal og utnytningsgrad på Kolås II og III.

## Frekhaug, Meland




Figur 3-7: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad på Frekhaug.

## Holme, Meland



Figur 3-8: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad på Holme.


## Manger, Radøy



Figur 3-9: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad på Manger.



## Austmarka, Radøy




Figur 3-10: Oversikt over handelsareal og utnyttingsgrad i Austmarka.

Som vedlegg til denne rapporten vert det levert ei excelfil med oversikt over alle felt og kva føresetnader som ligg til grunn for utrekning av handelsareal, utnyttingsgrad og liknande. I tillegg vert det leverert tabellar med geo-referanse (excel og dbf-format) som inneheld dataene for kvart felt. Alle tabellane har unike Id'ar for kvart felt, som er knytt opp mot Id'en som er vist i karta.

### 3.3 Ledig areal til handel, områdevis

Figuren under viser kor mykje ledig areal det er til handel for kvart område i KPA/KDP (Kolås II og III er slege saman til eit område). Dette er basert på kor store områda er, kor mykje handel som er tillette (utnytting) og om det allereie er handel/ kor mykje handel det er der i dag. Ein ser at det er Knarvik, Galteråsen og Frekhaug som har mest ledig areal.





Figur 3-11: Ledig handelsareal (kvm) for dei ulike områda i KPA/KDP der handel er aktuelt. (Kolås II og Kolås III er slege saman).

## 4 DEL 3 - FOLKETALSFRAMSKRIVING

### 4.1 Føremål

Hordaland fylkeskommune har utarbeida prognosar for kommunane i Hordaland ved bruk av Pandamodellen, med ein lågare venta vekst i folketalet samanlikna med SSB sine framskrivingar frå 2016. I Hordaland fylkeskommune prognoser følgjer mellom anna av nedgangen i økonomisk vekst som har vore i fylket før 2012 (sjå kapittel 4.3). Sjølv med ein utvikling i Hordaland i tråd med prognosane frå fylkeskommunen, vil ulike tiltak i fylket kunne påverke flyttemønsteret internt i fylket. I ein integrert arbeidsmarknad vil kommunane i Bergensregionen «konkurrere» om dei same innbyggjarane.

Det er eit mål å styrke Knarvik som regionsenter, slik at Knarvik blir ein meir attraktiv bustadkommune i Bergensregionen. Med ein betydeleg pendlarstraum til det som blir nye Alver kommune, ser ein potensial for å kunne trekkje til seg fleire innbyggjarar. Med utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sin prognose ønsker ein derfor prognosar som viser folketalsutviklinga gitt ulike scenario for utvikling i Alver.

I dette kapittelet presenterast historisk utvikling i folketal og demografi for nye Alver og kommunane i Bergensregionen. Framskrivningar av folketal frå SSB og Hordaland fylkeskommune er og vist. Deretter er grunnlag for å kjøre prognosar for Alver kommune med ulike scenario for utvikling skildra, og til slutt er resultatane for prognosane presentert. Dette er samanlikna med det som her kallast referansealternativet, som er folketalsprognosen for Lindås, Meland og Radøy gjennomført av Hordaland fylkeskommune (2018).

### 4.2 Alver kommune

Lindås, Meland og Radøy kommunar blir frå 1.1.2020 ein kommune. Nye Alver kommune vil då vere ein kommune med kring 30.000 innbyggjarar, som då er venta å vere den fjerde største kommunen i den nye regionen Vestland bestående av dagens Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune.<sup>12</sup>

Tabell 4-1: Folketal i nye kommunar i ny region frå 2020

Nye kommunar i ny region	Folketal 1.1.2017	Folketal 1.1.2020 (SSB 4M)
Bergen	278556	286211
Øygarden	37175	39965
Askøy	28821	31151
<b>Alver</b>	<b>28880</b>	<b>30696</b>
Bjørnafjorden	24047	25863


<sup>12</sup> Namnet på den nye regionen bestående av Hordaland og Sogn og Fjordane er foreløpig føreslått å bli «Vestland», og er derfor brukt om det nye fylket gjennom heile rapporten.

Sunnfjord	21872	22410
Stord	18821	19718
Kinn	18030	18292
Voss herad	15447	15733
Kvinnherad	13241	13229
Bømlo	11806	12158
Sogndal	11561	12067
Ullensvang	11510	11475
Stad	8855	8839
Kvam herad	8423	8642
Osterøy	8026	8449
Stryn	7218	7343
Sveio	5656	5976
Gloppen	5783	5834
Austevoll	5156	5487
Årdal	5363	5345
Luster	5151	5202
Etnes	4135	4213
Vaksdal	4123	4208
Høyanger	4190	4133
Bremanger	3847	3791
Fitjar	3189	3243
Austrheim	2884	3048
Askvoll	3065	2967
Fjaler	2862	2875
Tysnes	2847	2805
Vik	2722	2634
Samnanger	2488	2494
Gulen	2371	2420
Lærdal	2159	2170
Aurland	1787	1808
Masfjorden	1710	1700
Hyllestad	1438	1362
Hornindal	1198	1198
Ulvik	1131	1114
Eidfjord	921	939
Solund	794	776
Fedje	587	556
Modalen	383	394
<b>Sum</b>	<b>630229</b>	<b>650933</b>

## 4.3 Historisk utvikling

### Folketalsutvikling


Radøy, Meland og Lindås kommunar hadde til saman eit folketal på 18 477 innbyggjarar 1.1.1981. I løpet av 36 år fram til 1.1.2017 har folketalet auka med 10 403 personar til 28 880 – ein prosentvis auke på 56 %. Til samanlikning var folketalsauka i Noreg i same periode på 28 %, og i Hordaland og Sogn og Fjordane 27 %.



Figur 4-1: Historisk folketalsutvikling for Alver kommune og Vestland fylkeskommune. Kjelde: Pandamodellen/SSB

Årleg prosentvis vekst for Alver, ny Vestlandsregion og Noreg er vist i figuren nedanfor.

Den prosentvise veksten i folketallet har i det som blir nye Alver kommune vore sterkare enn både det nasjonale nivået og vekstraten for den nye Vestland fylkeskommune i store delar av dei siste 35 åra. Variasjonane frå år til år er store for Alver kommune, noko som skuldast at folketallet er lågare, og er derfor meir sensitiv for tilfeldig variasjon.



Figur 4-2: Årleg vekstrate i folketallet for Alver kommune, Vestland fylkeskommune og Noreg. Kjelde: Eigne beregningar basert på data frå Pandamodellen/SSB.


I Hordaland har veksten i folketallet vore sterkast i kystkommunane i denne perioden, noko som både kan forklarast med veksten i petroleumsbasert verksemd og nærleik til Bergen. Etter nedgangen i petroleumsnæringane frå 2012 har den prosentvise veksten i folketallet gått ned, både nasjonalt og på Vestlandet. Dette gjeld og nye Alver kommune, men framleis ligg den framtidige kommunen over det nasjonale og regionale nivået.

Bergen er tyngdepunktet i regionen både når det gjeld busetting og arbeidsplassar, og utviklinga i omlandskommunane heng naturlegvis saman med utviklinga i Bergen. Dette er ein bu- og arbeidsmarknad med betydeleg pendling mellom Bergen og kommunane rundt.


### Flyttemønster og fødselsoverskot

Folketalsutvikling avhenger av differansen mellom fødde og døde personar, og differansen mellom innflytting og utflytting. I Alver kommune har det sidan 1980 vore eit høgare tal på fødde enn døde, som har gitt eit positivt fødselsoverskot på i snitt 125 personar årleg frå 1980 til 2016 (Figur 4-3).






Figur 4-3: Fødde, døde og fødselsoverskot for Alver kommune. Kjelde: Pandamodellen/SSB.



Figur 4-4: Innflytting, utflytting og nettoflytting for Alver kommune. Kjelde: Pandamodellen/SSB.


I same periode har det stort sett vore ein positiv nettoflytting til Lindås, Meland og Radøy kommunar. I snitt har det i perioden vore ein nettoflytting på 169 personar til nye Alver kommune.

Ser vi på aldersfordelinga for dei som har flytta til Alver kommune (Figur 4-5), er det vaksne i alderen 20 til 39 år som utgjer dei største gruppene. Saman med dei er det og born, i stor grad under 10 år som og har flytta til kommunen. Det er altså unge vaksne og familiar med små born som i stor grad har flytta til kommunen.




Figur 4-5: Innflytting etter aldersgrupper. Kjelde: Pandamodellen/SSB.

Til samanlikning er det og ein overvekt av unge vaksne som dei siste 37 åra som har flytta frå dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy. Her er det ein overvekt av vaksne i alderen 20 til 29 år som har vore dei typiske utflyttarane, medan andelen i 30-åra er lågare blant utflyttarar samanlikna med innflyttarar.



Figur 4-6: Utflytting etter aldersgrupper. Kjelde: Pandamodellen/SSB.

## Bustadbygging




Figur 4-7: Bustadbygging i Alver kommune. Kjelde: Pandamodellen/SSB



Data på bustadbygging fordelt på type bustad er bare tilgjengelig frå 1990. Ikkje overraskande har det vore ein stor overvekt av einebustader og rekkjehus som har vore bygd sidan byrjinga av 90-talet og fram til i dag.<sup>13</sup>

I stor grad har og bustadbygginga fylgt svingingane i nettoflyttinga, men har vore relativt lågare dei siste sju åra (Figur 4-8).



Figur 4-8: Nettoflytting og bustadbygging i Alver kommune. Kjelde: Pandamodellen/SSB


## Bergensregionen

Utdanning og arbeid er naturlegvis viktige føresetnader for val av bustad. Det er derfor ikkje overraskande at nettoflytting (inkludert nettoinnvandring) til Vestlandet og Hordaland har vore høg i perioden fram mot 2012, med sterk vekst i oljebransjen. Etter nedgangen i oljeprisen har også nettoflyttinga gått ned.

Næringsutvikling, som mellom anna påverkast av nasjonale og globale konjunktursvingingar, vil vere viktig for folketalsutviklinga i ein bu- og arbeidsmarknad. Kva faktorar som bestemmer kor folk vel å busette seg innanfor ein bu- og arbeidsmarknad er derimot eit litt anna spørsmål.


Her vert det referert til Bergensregionen som Bergen kommune og dei nye omlandskommunane frå 1.1.2020: Alver, Bjørnafjorden, Øygarden og Askøy. Samla hadde dei ved inngangen til 2017 eit folketal på nær 400.000.

<sup>13</sup> Barnefamiliane sin preferanse for einebustader kommer er tydelege i ei spørjeundersøking gjennomført av Telemarksforsking (2018). Der er einebustader, store tomter og spreidd utbygging som av barnefamiliar vurdert som positivt ved Meland kommune, medan det for Lindås peikast på lågare bustadpriser samanlikna med Bergen som positivt. Men der trekkast og fram at det er for mange leilegheiter og for tett utbygging, noko som ikkje dekker behova for barnefamiliar.



Figur 4-9: Folketalsutvikling i Bergen og omlandskommunane, med kommunegrensar som er vedtekne frå 1.1.2020. Kjelde: Panda/SSB

Frå 2000 og fram til i dag har alle kommunane hatt ein positiv utvikling i folketalet (Figur 4-10), men den relative veksten har vore sterkast i omlandskommunane, og då særleg i Askøy og nye Øygarden kommune. Dei siste åtte-ti åra har den også vore relativt høg i Bjørnafjorden kommune.




Figur 4-10: Folketalsutvikling i Bergen og omlandskommunane, med kommunegrensar som er vedtekne frå 1.1.2020. Kjelde: Panda/SSB

## Folketalsutvikling i SSB og Hordaland fylkeskommune sine prognosar

SSB sine folketalsframskrivingar vert oppdatert annakvart år, siste gong juni 2016. Deira hovudalternativ (deira mest sannsynlege alternativ) 4M (Middels fruktbarheit, Middels levealder, Middels innanlandsk flytting og Middels innvandring) viser fire hovudtrender nasjonalt frå 2016 til 2100. Dei ventar:


- Fleire innbyggjarar
- Fleire eldre
- Fleire innvandrarar
- Fleire i sentrale strom

Hordaland fylkeskommune utarbeidar i tillegg fylkesprognosar. Siste publisering var i april 2018. Samanlikna med SSB sitt middelalternativ (SSB, 2016) ligg prognosane for framtidig folketal i Hordaland og Alver lågare i fylkesprognosen samanlikna med SSB sitt middelalternativ. Venta folketalutvikling i Alver kommune fram til 2040 med SSB sitt hovudalternativ og Hordaland fylkeskommune sine fylkesprognosar er vist i figuren nedanfor.



Figur 4-11: SSB og Hordaland fylkeskommune sine folketalframskrivingar for Alver kommune (summen av Lindås, Meland og Radøy). Kjelde: Eigne berekningar basert på SSB (2016) og Hordaland fylkeskommune (2018b)

Framskrive folketal i Hordaland fylkeskommune sine fylkesprognosar frå 2018 er vist for kvar av dei tre kommunane og sum i Figur 4-12. Her er og registrert folketal per 1.1.2018 tatt inn.



Figur 4-12: Folketal per 1.1.2018 og framskrive folketal frå Hordaland fylkeskommune sine fylkesprognosar per 2017. Kjelde: SSB (2018) og Hordaland fylkeskommune (2018b)

Samla vekst i folketalet frå 2018 til 2040 med utgangspunkt i fylkesprognosane er vist i tabellen nedanfor.

Tabell 4-2: Framskrive folketal henta frå Hordaland fylkeskommune (2018b) sine fylkesprognosar

Kommune	Absolutt vekst 2018-2040	Prosentvis vekst 2018-2040
Meland	2 566	31,8 %
Radøy	144	2,8 %
Lindås	3 466	22,0 %
Alver	6 176	21,3 %

## 4.4 Metode

### Folketalsprognosar

Ei folketalsskriving er ein berekning av framtidig folketalssstorleik og –samansetning. Den må bygge på nokre føresetnader om fruktbarheit, dødelegheit, og flyttingar. Normalt vert slike framskrivingar gjennomført med utgangspunkt i historisk utvikling justert for forventningar til framtida. Ein folketalssprognose er til samanlikning den utviklinga som er vurdert som sannsynleg, basert på ulike forhold.

Lokale forhold som kan påverke folketalssutviklinga kan til dømes vere tiltak som betre infrastruktur eller utbygging av bustadområde som er venta å endre flyttemønsteret lokalt,

eller økonomisk utvikling regionalt, nasjonalt og globalt som kan påvirke nettoflytting og/eller nettoinnvandring.

Det er to kjelder til endring i folketallet:

1. Fødselsoverskot: Differansen mellom fødde og døde
2. Nettoflytting: Differansen mellom innflytting og utflytting, som inkluderer både innanlandsk flytting og inn- og utvandring.

Fødselsoverskot vert i stor grad styrt av aldersstrukturen i befolkninga, det vil seie talet på kvinner i fruktbar alder og talet på eldre. Prognosane for framtidig fødselsoverskot er basert på alders- og kjønnsfordelinga i befolkninga, og statistikk på dødelegheit og fruktbarheit.

Det som kan gje betydelege utslag på folketalsutviklinga i normalsituasjon er endringar i flyttemønster, anten nettoinnvandring eller netto innanlandsk flytting.

Det er og nokre utviklingstrekk som ein kan vere relativt sikker på vil fortsette, som auken i talet på eldre innbyggjarar, auka forventa levealder og sentralisering.

Statistisk sentralbyrå gjennomfører nasjonale befolkningsframskrivingar annakvart år, der dei gjer vurderingar av mellom anna arbeidsinnvandring til landet. Dei tek ikkje inn forhold på fylkes- eller kommunenivå i sine framskrivingar:

*«De regionale forskjellene i fruktbarhet, dødelighet og flytting som er observert de siste 5 år, er antatt å fortsette fram til 2040. [...] Siden framskrivingen av befolkningen på kommunenivå i hovedsak viderefører regionale demografiske mønstre fra de siste fem årene, tar vi ikke hensyn til lokale planer for boligbygging, nedleggelse av arbeidsplasser, vedtak om næringsutbygging og samferdselsutbygging eller andre politiske vedtak – så sant dette ikke allerede har begynt å påvirke de demografiske mønstrene.» (Rogne og Tønnessen, 2014, s. 64)*

Føremålet med eigne prognosar ved bruk av Pandamodellen er å bruke lokalkunnskap om mellom anna infrastrukturprosjekt, arbeidsmarknad og bustadbygging inn i modellen, og på den måten ta inn lokale forhold i folketalsframskrivingane.

## Modellverktøy

Pandamodellen (plan- og analyseverktøy for næring, demografi og arbeidsmarknad) er fylkeskommunenes modellverktøy for regional analyse og overordna planlegging. Modellen er god eigna for befolkningsprognosar for regionar beståande av ein eller feire kommunar. Her er prognosane gjennomført for nye Alver kommune (dagens Radøy, Meland og Lindås kommunar). Datagrunnlaget i Pandamodellen er statistikk frå SSB.

I arbeidet med befolkningsprognose for nye Alver kommune er tilgang til Pandamodellen gitt av Hordaland fylkeskommune. Vi har og fått tilgang til målstyring som er lagt til grunn i fylkesprognosen (Hordaland, 2018).



## Føresetnader for prognosane

I befolkningsprognosane brukast Hordaland sine fylkesprognoser frå april 2018 som referanse, med justeringar etter scenario som skildra nedanfor.<sup>14</sup>

### *Scenario med styrka regionsenter i Alver kommune*

Knarvik er regionsenter i Nordhordland, og skal vere eit sentrum i nye Alver kommune. Ambisjonane for utvikling av regionsenteret kan mellom anna lesast i kommuneplanen sin samfunnsdel for Lindås kommune (2017-2029). I områdeplanen for Knarvik er det mellom anna opna for 2000 nye bustader, og det er eit ønske om at eit sterkare regionsenter med tettare busetting skal gje positive ringverknader for utvikling av mellom anna lokalt næringsliv, og variasjon i arbeidstilbodet i den nye kommunen. Det er samstundes eit politisk mål å bygge tettare i Bergen kommune, noko som reduserer moglegheiter for bustadbygging nord i kommunen.

Alver kommune er ein del av bu- og arbeidsmarknaden i Bergensregionen. I «Pendlingsanalyse for Meland, Lindås og Radøy» utarbeida av Hordaland fylkeskommune (2018) viser mellom anna kor tett integrert arbeidsmarknaden i dei tre kommunane er med andre kommunar. Særleg Meland kommune skil seg ut med høg arbeidsmarknadsintegrasjon, men også dei to andre kommunane har ein høg verdi på indikatoren. Lindås har og eit stort tal tilsette som pendlar til kommunen, målt i absolutte verdiar. Ser vi på arbeidsreiser til den nye kommunen Alver var det i 2016 ein samla pendling til kommunen på 1417 personar frå andre kommunar i Bergensområdet (Hordaland fylkeskommune, 2018, tabell 2).

Fem til ti år fram i tid vil det vere nye vegar mellom Bergen og nye Øygarden kommune (Sotrasambandet) og ny veg mellom Bergen og Bjørnafjorden kommune (ny trasé på E39). Det vil knytte dei to kommunane tettare til Bergen når reisetid og kapasitet på vegnettet blir betra. Samstundes vil begge veger ved opning ha bompengar som gjer auka transportkostnadar.

### *Scenario med styrka vekst i nettoflytting til Alver kommune*

Faktorar som kan bidra til å styrke Alver som bustadkommune, og dermed auke nettoflyttinga til kommunen samanlikna med referansealternativet er:

- Auka bustadattraktivitet i nye Alver kommune
- Lågare auke i bustadprisane samanlikna med Bergen
- Auke i bompengar på hovudvegane til Sotra og Os
- Fortetting i Bergen og mindre utbygging nord i kommunen

### *Scenario med styrka vekst i nettoflytting til andre omlandskommunar*

Faktorar som kan bidra til å styrke attraktivitet i andre kommunar i Bergensregionen, og dermed redusere nettoflyttinga til kommunen samanlikna med referansealternativet er:


- Scenario med styrka vekst i andre omlandskommunar:
  - Betre infrastruktur og tilgjenge til Bergen frå andre omlandskommunar
  - Tettare utbygging i Alver med auke bustadpriser og lågare tilgang på bustader for barnefamiljar

<sup>14</sup> Sjå Hordaland fylkeskommune (2018b) for ein oversikt over kva som ligg til grunn for fylkesprognosane.

- Trafikale utfordringar som følgje av manglande utbetring av infrastruktur mellom Bergen og Nordhordland

### Føresetnad nettflytting

I prognosane er det ikkje endra vekst for Hordaland samanlikna med fylkesprognosane frå 2018. Her er det dermed føresett at ein høgare eller lågare vekst i Alver vil skje som følgje av ein endra vekstrate i dei ulike kommunane i Bergensregionen, som skildra over. Figuren nedanfor viser føresetnader om nettflytting som er brukt i prognosane, og samanlikna med historisk nettflytting.



Figur 4-13: Føresetnad om nettflytting til Alver kommune i referansealternativ, med ein auka nettflytting og ein lågare nettflytting enn i referansealternativet. Historisk data frå 1996 tom 2016 er og vist.

For 2017 er ikkje data på nettflytting klar i Pandamodellen. For dette året er det i alle alternativ lagt til grunn ein negativ nettflytting til Alver, for å få riktig folketal for utgangen av 2017.


Sjølv om ein får ein auka nettflytting til Alver samanlikna med referansealternativet vil ein ha ein nettflytting som er betydeleg lågare enn toppåra mellom 2007 og 2014.

## 4.5 Resultat


### Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga i Alver med dei føresetnader som skildra over er vist i Figur 4-14. I referansealternativet, som er likt fylkesprognosen for Hordaland, kan ein venta nær 35 200 innbyggjarar i Alver kommune ved inngangen til 2040. det inneber ein samla vekst frå inngangen til 2018 på 21 prosent. Dersom ein får til ein vekst i nettflyttinga på 30 prosent fram mot 2030, samanlikna med referansealternativet, kan ein vente ein vekst på 26 prosent

til nær 36500 innbyggjarar i 2040. Motsett vil ein 30 prosent lågare nettoflytting til Alver gje ein venta folketalsvekst på 17 prosent frå 2018 til 2040.



Figur 4-14: Resultat frå befolkningsprognosane samanlikna med fylkesprognose frå 2018 og SSB sitt middelalternativ (4M).




Figur 4-15: Fødselsoverskot (fødde-døde), historisk og med dei to scenarioa og referansealternativet.


Fødselsoverskotet, som er differansen mellom talet på fødde og talet på døde ventast i alle tre alternativ å ha ein negativ utviklinga. Denne skuldast i hovudsak at veksten i talet på døde er sterkare enn veksten i talet på fødde, noko som er naturleg med den alderssamansetninga som er venta i Noreg fram mot 2040. Det betyr at Alver kommune i framtida i større grad vil vere avhengig av nettoflytting for å oppnå vekst i folketalet, samanlikna med dei siste ti åra.

## Aldersstruktur


Fordeling av folketalet på ulike aldersgrupper i dei tre alternativa er vist i figurane nedanfor. Felles for dei tre er ein auke i den eldste gruppa (70 år og eldre). Med ein auke i nettoflyttinga er det særleg innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20-66 år) som er venta å vokse.



Figur 4-16: Aldersstruktur, historisk og framtidig i referansealternativet (fylkesprognose 2018)



Figur 4-17: Aldersstruktur, historisk og framtidig med ein høgare nettflytting samanlikna med referansealternativet.




Figur 4-18: Aldersstruktur, historisk og framtidig med ein lågare nettflytting samanlikna med referansealternativet.



## Bustadbehov

Befolkningsprognosen som er gjennomført her viser konsekvensen av endringar i flyttemønsteret i Bergensregionen på folketalsutviklinga, gitt dei føresetnadene som er lagt til grunn. Med ein auke i folketallet vil og behovet for bustader auke, men den avheng og mellom anna av aldersstruktur og storleik på hushaldningane. Estimert bustadbehov i dei tre alternativa for folketalsutvikling i Alver er vist i figuren nedanfor. Det låge behovet for nye bustader som er berekna frå 2017 til 2018 skuldast låg nettoflytting som er lagt til grunn i modellen for 2017.



Figur 4-19: Historisk bustadbygging i Alver, og venta behov i dei tre alternativa for folketalsutvikling.

## 5 DEL 4 - OVERSYN OVER NÆRINGSSITUASJONEN

Som dei fleste andre kommunar så ynskjer Alver-kommunane ei vekst i næringslivet, og slikt vekst kan mellom anna målast i tal arbeidsplassar. Kommunane ynskjer å legge til rette for slik vekst i framtida og vidare oppfølging av denne rapporten skal ta føre seg korleis ein skal få dette til. Denne rapporten legg likevel viktige føresetnader for eit slikt arbeid fordi ei oversikt over næringsssituasjonen gir ein peikepinn på kva type næring som kan vere lurt å satse på. Det er størst sjanse for å lukkast dersom ein satsar på næringer ein allereie er god på, og difor er det eit poeng å få fram kva som er dei sterke næringane i regionen i dag.

I denne delen vil me vise ei oversikt over næringsssituasjonen som baserer seg på tal arbeidsplassar utifrå data frå bedriftsregisteret og på pendledata, nærare bestemt pendling etter kva type næring pendlarane jobbar i. Sidan dette allereie svært godt utgreidd i tidlegare utgreiingar er det naturleg å ta utgangspunkt i det som er kome fram i desse rapportane, i tillegg til at nokre eigne data vert presentert.

### 5.1 Kva næringer gjer det bra i regionen?

Telemarksforskning (2017) har i sine analysar av næringsattraktivitet mellom anna sett på kva utviklinga i ulike næringer basert på tal arbeidsplassar i perioden 2000-2015. Analysane er gjort for Lindås, Meland, Fjell og Os kommunar og det føreligg difor ikkje tilsvarande tal for Radøy.

I analysane er det brukt ei bransjeinndeling som deler næringslivet opp i fire typar. Basisnæringane er dei som produserer varer og tenester til ein større marknad. Besøksnæringar er dei som er avhengige av at kundane møter opp på staden. Lokale næringer er dei som stort sett berre har kommunen sine innbyggjarar som kundar. Dei regionale næringane består av dei bransjane som ikkje heilt passar inn dei tre andre kategoriane. I tillegg er det analysar av utviklinga i offentlege arbeidsplassar i stat, fylke og kommunane.

Tabell 5-1: Bransjar som inngår næringstypene/sectorane som Telemarksforskning nyttar i sine attraktivitetsanalysar. Kjelde: Telemarksforskning, 2017. Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. – Næringsutvikling, befolkningsutvikling og scenarier.

Næringstyper/sector	Bransje	
Basis	Anna industri	
	Næringsmidler	
	Olje og gass utvinning	
	Prosessindustri	
	Verkstedindustri	
	Fisk	
	Gruve	
	Landbruk	
	Olje og gass	
	Teknisk/vitenskap	
	Tele og IKT	
	Besøk	Aktivitet
		Handel
Overnatting		
Servering		
Regionale	Agentur og Engros	
	Bygg og anlegg	
	Diverse	
	Finans, eiendom, utleie	
	Førr. tjenesteyting	
	Transport	
	Utleie av arbeidskraft	
Offentlig	Lokal	
	Kommune	
	Stat	
	Fylke	

I rapporten er det mellom anna sett på korleis endring i tal arbeidsplassar 2000-2015 har vore i høve til resten av landet. Det gir ein god peikepinn på kor stor tyding dei ulike næringane har i kommunane.

#### *Utviklinga i arbeidsplassar i høve til resten av landet*

Ein ser av Tabell 5-2 at Meland har hatt ei utvikling i basisnæringane som er noko betre enn resten av landet (Basis total)<sup>15</sup>. Anna industri og landbruk har hatt svakare utvikling enn landet. Teknisk/vitskap og tele/IKT har vekse svært mykje, og også fisk og verkstadsindustri har hatt ein god vekst.

For besøksnæringane har utviklinga vore om lag som i landet (Besøk total), medan dei regionale næringane har hatt svært god utvikling (Regional total). Bygg- og anlegg og særskilt forretningsmessig tenesteyting er dei regionale næringane som utmerkar seg med sterkast vekst i Meland. Berre utleie av arbeidskraft har vorte svekka i øve landet.

Total sett har Meland hatt ei svært positiv utvikling i tal arbeidsplassar, med ein differanse på 29,1% i høve resten av landet.

Tabell 5-2 syner at for basisnæringane (Basis total) så har Lindås hatt ei utvikling på linje med resten av landet. Verkstadsindustrien og Olje og gass har hatt ein stor nedgang, medan næringar som næringsmidlar, prosessindustri, fisk og gruvedrift har vorte ein del svekka i høve landet.

Besøksnæringane har og ei utvikling på linje med landet (Besøk total). Her har det vore ei sterk utvikling innan aktivitetsnæring og særskilt servering.

For dei regionale næringane (Regional total) er det ei noko meir positiv utvikling enn heile landet. Utleie av arbeidskraft har hatt ei svært god utvikling, men også Agentur og Engros og Finans, eigedom, utleie og forretningsmessig tenesteyting har utvikling seg bra sett i høve landet.

Total sett har Lindås hatt ei svakt positiv utvikling i tal arbeidsplassar, med ein differanse på 5,5% i høve resten av landet.

---

<sup>15</sup> I kommentarane til tabellane er det kun fokusert på utviklinga tal arbeidsplassar i næringslivet. Offentleg sektor (kommune, fylke og stat) er ikkje kommentert.

Tabell 5-2: Prosentvis vekst i tal arbeidsplassar i Norge og i Os, fjell, Meland og Lindås. Differanse til landet; her er Meland og Lindås markert med raud stipla linje. Kjelde: Telemarksforskning, 2017. Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. – Næringsutvikling, befolkningsutvikling og scenarier.

Bransje/Type	Prosentvis vekst					Differanse til landet			
	Norge	Os	Fjell	Meland	Lindås	Os	Fjell	Meland	Lindås
Anna industri	-31,6	-72,5	35,5	-46,5	-24,6	-40,9	67,1	-14,9	7,0
Næringsmidler	-17,8	-17,5	-88,5		32,7	0,3	-70,7		50,4
Olje og gass utvinning	57,8		-37,5				-95,3		
Prosessindustri	-34,0		-17,9		20,8		16,1		54,8
Verkstedindustri	-8,6	-24,9	261,3	33,8	-43,6	-16,3	269,9	42,4	-34,9
Fisk	-20,9	-24,4	9,5	118,2	62,5	-3,6	30,3	139,0	83,4
Gruve	-1,9				48,6				50,4
Landbruk	-36,9	-35,3	-10,5	-60,0	-43,1	1,6	26,3	-23,1	-6,2
Olje og gass	153,8		-21,9		-57,6		-175,7		-211,5
Teknisk/vitenskap	64,3	237,5	478,6	1 200,0	36,4	173,2	414,2	1 135,7	-28,0
Tele og IKT	36,7		1 064,3	650,0			1 027,6	613,3	
<b>Basis Total</b>	<b>-2,2</b>	<b>-25,8</b>	<b>130,2</b>	<b>13,5</b>	<b>-3,3</b>	<b>-23,6</b>	<b>132,3</b>	<b>15,6</b>	<b>-1,1</b>
Aktivitet	34,6	58,3	230,7	3,4	56,7	23,6	196,1	-31,2	22,1
Handel	9,5	38,6	61,7	22,2	6,3	29,1	52,1	12,7	-3,2
Overnatting	-7,4	-15,2			-17,2	-7,7			-9,8
Serivering	21,4	-5,8	213,2		115,8	-27,2	191,8		94,4
<b>Besøk Total</b>	<b>12,8</b>	<b>26,5</b>	<b>88,2</b>	<b>11,8</b>	<b>12,3</b>	<b>13,7</b>	<b>75,4</b>	<b>-1,0</b>	<b>-0,5</b>
Agentur og Engros	-1,5	-19,3	88,0		70,5	-17,8	89,4		71,9
Bygg og anlegg	52,1	71,6	136,4	170,6	62,6	19,5	84,4	118,5	10,5
Diverse	24,9	53,5	4,0	94,8	12,8	28,7	-20,8	70,0	-12,0
Finans, eiendom, utleie	1,8	-1,4	35,9	10,0	39,2	-3,2	34,1	8,2	37,4
Forr. tjenesteyting	35,0	47,5	-0,9	1 675,0	58,4	12,6	-35,9	1 640,0	23,4
Transport	-15,2	76,3	65,5	5,3	-3,6	91,5	80,7	20,5	11,7
Utleie av arbeidskraft	17,7	300,0	30,8		267,6	282,3	13,0	-17,7	249,9
<b>Regional Total</b>	<b>16,3</b>	<b>55,1</b>	<b>63,0</b>	<b>112,5</b>	<b>31,2</b>	<b>38,8</b>	<b>46,7</b>	<b>96,2</b>	<b>14,9</b>
Lokal og Kommune	23,3	64,3	57,2	63,3	42,9	40,9	33,9	40,0	19,5
Stat og Fylke Total	24,9	-24,4	19,2	-9,3	6,2	-49,3	-5,6	-34,1	-18,6
<b>Totalsum</b>	<b>14,4</b>	<b>24,0</b>	<b>78,7</b>	<b>43,5</b>	<b>19,9</b>	<b>9,6</b>	<b>64,3</b>	<b>29,1</b>	<b>5,5</b>

### Utviklinga i arbeidsplassar i høve det ein kan forvente utifrå folketalsvekst og strukturelle tilhøve

I rapporten frå Telemarksforskning er endring i tal arbeidsplassar også satt opp mot kva utvikling ein kan forvente ut frå endring i folketal og strukturelle tilhøve<sup>16</sup>. Til dømes så vil ei auke i folketal og oppgangstider i ein bransje (t.d. som resultat av auka oljepris), medføre ei forventa vekst i arbeidsplassar i denne bransjen. Men dersom ein kommune har ein vekst i arbeidsplassar som overgår effekten av auka folketal og strukturelle endringar, så tyder dette på at denne næringa har lukkast over det ein kan forventa i kommunen. I påfølgande tabellar ser ein endringane som har skjedd i dei ulike bransjane frå 2000-2015 i ulike næringar (første kolonne), kva som er forventa vekst (nest siste kolonne) og kor stort avviket er frå forventa vekst i denne næringa (siste kolonne).

Tabell 5-3 (første kolonne) syner at Lindås har fått 1105 fleire arbeidsplassar og at offentleg kommunale arbeidsplassar + lokale næringar har auka mest (627 arbeidsplass). Ut frå den veksten ein kunne forvente så er det dei regionale arbeidsplassane som har auka mest (siste kolonne). Også basisnæringane og kommunale arbeidsplassar og lokale næringar har auka mykje.

<sup>16</sup> Denne framstillinga har ikkje same detaljeringa som Tabell 5-2 når det gjeld utviklinga for kvar enkelt næring, men gir likevel eit godt bilete av utviklinga i hovudgrupperingane for næringane (basis, besøk og regional).

Tabell 5-3: Analyse av endringar i tal arbeidsplassar i Lindås kommune frå 2000-2015. Kjelde: Telemarksforsking, 2017. Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. –Næringsutvikling, befolkningsutvikling og scenarier (forenkla versjon av tabell).

Sektor/ næringsstype	Endring	Forventet	Avvik fra forventet
<b>Stat og fylke</b>	22	88	-66
<b>Kommune og lokal</b>	627	457	170
<b>Næringsliv</b>	456	156	300
<b>Basis</b>	-52	-186	134
<b>Besøk</b>	105	151	-46
<b>Regional</b>	403	191	212
<b>Totalsum</b>	1 105	701	404

Også i Meland (Tabell 5-4) er det kommunale arbeidsplassar og lokale næringer som har auka mest, men i høve den veksten ein kunne forventa så er det basisnæringane og regionale næringer som har hatt sterkast vekst siste 15 åra.


Tabell 5-4: Analyse av endringar i tal arbeidsplassar i Meland kommune frå 2000-2015. Kjelde: Telemarksforsking, 2017. Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. –Næringsutvikling, befolkningsutvikling og scenarier (forenkla versjon av tabell).

Sektor/ næringsstype	Endring	Forventet	Avvik fra forventet
<b>Stat og fylke</b>	-5	13	-18
<b>Kommune og lokal</b>	347	288	59
<b>Næringsliv</b>	308	10	298
<b>Basis</b>	76	-94	170
<b>Besøk</b>	16	52	-36
<b>Regional</b>	216	52	164
<b>Totalsum</b>	650	311	339

## 5.2 Næring og pendling


Hordaland Fylkeskommune (2018) har i si pendlingsanalyse mellom sett på kva næringer pendlarane jobbar i. Her ser ein kor mange tilsette i ulike næringer som pendlar inn til kommunen og kor mange som er busett i kommunen. Dette gir ein god indikator på kva næringer som er viktige i ein kommune, og i kor stor grad næringa klarer å rekruttere arbeidskraft lokalt i kommunen.

Ein ser at i Lindås (Figur 5-1) er Helse- og sosialtenester, industri, varehandel og bilverkstad som er dei tre største næringane. I alle desse bransjane er over ein tredjedel av dei tilsette innpendlarar. Størst er andelen innan varehandel og bilverkstad der bortimot halvparten av dei tilsette er innpendlarar. Lindås har ein del meir innpendling enn det nabokommunane Meland og Radøy har.



Figur 5-1: Tal inn-, og ut-, og ikkje-pendlarar etter hovudnæring, Lindås. Kjelde: Hordaland Fylkeskommune, 2018.


I Meland er det Helse- og sosialtenester, industri og undervisning som utmerkar seg å vere dei største næringane. Andelen innpendling varierer ein del, men utmerkar seg ved å vere svært høg innan industri, der godt over 50% av dei tilsette kjem frå nabokommunar.



Figur 5-2: Tal inn-, og ut-, og ikkje-pendlarar etter hovudnæring, Lindås. Kjelde: Hordaland Fylkeskommune, 2018.



Også i Radøy er det Helse- og sosialtenester, industri og undervisning som er dei største næringane. Andelen innpendling er relativt høg innan helse- og sosialtenester og industri, men for dei andre næringane har Radøy ein låg ande linnpendling om ein samanliknar med Lindås og Meland.



Figur 5-3: Tal inn-, og ut-, og ikkje-pendlarar etter hovudnæring, Radøy. Kjelde: Hordaland Fylkeskommune, 2018.

### 5.3 Kvar i Lindås, Meland og Radøy finn ein dei ulike næringane?


I dette kapitlet har me sett på fordeling av arbeidsplassar meir lokalt i Lindås, Meland og Radøy. I Figur 5-4 er det vist fordeling av arbeidsplassar i dei viktigaste næringane i kommunane, basert på kva næringar som har framstått som viktige i analysane til Hordaland Fylkeskommune og Telemarksforskning. Ein ser at området Knarvik- Flatøy- Frekhaug har klart flest arbeidsplassar, men at dei har ulik karakter. Sentrum av Frekhaug har ein stor andel offentlege arbeidsplassar, særskilt innan helse- og sosialtenester. Vikane, vest for Frekhaug, har mange arbeidsplassar innan arealkrevjande næring, slik som industri, transport og lagring og bygg- og anleggsverksemd.

Flatøy er dominert av dei svært mange industriarbeidsplassane.

Knarvik har ein relativt stor andel varehandel, og i tillegg mange verksemdar i kategorien «andre næringar». Dette tyder på ein meir variert næringsstruktur enn på Frekhaug. Knarvik er ikkje så prega av dei offentlege arbeidsplassane som dei to andre kommunesentra er, og dette gjenspeglar at Knarvik er eit regionsenter i Nordhordland.

Utanfor Frekhaug-Knarvikområdet er det Manger, Lindås og Mongstad som har størst konsentrasjon av arbeidsplassar. Manger har ein stor andel arbeidsplassar knytt til offentlig verksemd, noko som er naturleg sidan dette er kommunesenter. Mongstad er prega av

arealkrevjande næringer og Lindås har ei blanding av offentlege arbeidsplassar, industri og andre næringer.



Figur 5-4: Oversikt over tal tilsette fordelt på næringer i grunnkretsar i Lindås, Meland og Radøy. Berre dei viktigaste næringane er vist i figuren. Øvrige næringer er slått saman og vist som grønt kakestykkje i sirkelen. Tal over sirkel viser sum av tal arbeidsplassar i grunnkretsen. Nede til høgre i figuren er meir detaljert utsnitt av kart (syner same data som det store kartet).

- Hordaland fylkeskommune, 2017a. Fylkesprognoser Hordaland 2017-2040: Befolkning. AUD-rapport nr. 1.1-17.
- Hordaland fylkeskommune, 2017b. Fylkesprognoser. Tilgjengeleg frå [www.statistikkivest.no](http://www.statistikkivest.no)
- Hordaland fylkeskommune, 2018a. Pendlingsanalyse for Meland, Lindås og Radøy. AUD-rapport nr. 2-18.
- Hordaland fylkeskommune, 2018b. Fylkesprognoser Hordaland 2018-2045: Befolkning. AUD-rapport nr. 5-18.
- Hordaland Fylkeskommune, 2014. Regional planen for attraktive senter i Hordaland-senterstruktur, tenester og handel. Vedteke i Hordaland Fylkesting, 10.des.2014.
- Lindås kommune (2017): Kommuneplan 2017-2029. Samfunnsdelen. Vedtatt av kommunestyret 21. september 2017
- Rogne, A. F. og M. Tønnessen, 2014. Hvor godt treffer befolkningsprognosene for kommunene? Økonomiske analyser 4/2014, s. 60-66.
- SSB, 2016. Statistikkbanken tabell 11168: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder, i 9 alternativer 2016-2040. Tilgjengeleg frå <https://www.ssb.no/statbank/table/11168/?rxid=f32cdb47-e2d5-4368-a020-a258e1d1220b>
- SSB, 2018. Folkemengde og befolkningsendringar. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkemengde/aar-per-1-januar>
- Vareide og Roncossek, 2017: Regional analyse for Fjell, Os, Meland og Lindås. – Næringsutvikling, befolkningsutvikling og scenarier. Telemarksforskning, TF notat 25/2017
- Telemarksforskning, 2018: Urbant bygdeliv? TF-rapport nr. 427.
- Tønnesen, M., S. Leknes og A. Syse, 2016. Befolkningsframskrivinger 2016-2100: Hovedresultater. Økonomiske analyser 3/2016, s. 4-13.